



Gunn Mari Moberg tok attval som leiar i Uskedal Utvikling.

Gunn Mari Moberg tok attval som leiar i Uskedal Utvikling på årsmøte i kveld. Med seg i styret har ho: Egil Myhre, Oddbjørn Kroka, Andreas Tarberg og Henrik Lyse. Oddbjørn Kroka har med dette fast plass i styret. Ny varamedlem er Remi Andre Onarheim. Kristian Bringedal gjekk ut av styret for å samla seg om arbeidet med Uskedalen.no.

Det var heller dårleg frammøte på årsmøte. Med 65 medlemmer og mange av dei firma og verksemdar, hadde ein venta eit langt betre frammøte. Styret la fram ei fylldig årsmelding med mange gode tiltak i 2018. Det er nok å nemna:

- Strand- og bosrydding
- Profilerings: Nye vimplar i sentrum og positiv omtale i media
- Møte med ordførar om tafikksikring, arealbruk, kommunale vegar, Børneset industriområde m.m.
- Var med på tilflyttarsamling med innlegg
- Tilskipar av Julegrantenninga, saman med Musikklaget
- Engasjement for å behalda brannstasjon i bygda
- Saman med velforeningen i Korsneset/Ospelunden jobba for ei trygg kryssing av Fylkesveg 48



Nokre av dei faste medlemene om møter fram på møte i Uskedal utvikling.

Arbeidet med byggesteg 2 i kjellaren held fram. Romma er avdelt og det er montert nye vindaugo på langveggen mot Grano. Laget har kjøpt plenklyppar. Slåtten vert gjort på dugnad på det som eigentleg er ei kommunal tomt. Musikklaget ynskjer større plass for lagring av lysutstyr og andre installasjonar i samband med pyntinga av Grano.

Kafe Tiaren har vore i drift utan stopp sidan 2007. Det er eit vellukka tiltak med ein fast stab på 24 frivillige og 3 vikarar. I grupper på 3 og med ein turnus 8 veker legg dei ned eit stort arbeid heile året. Gamleskolen er ved dette tiltaket ein sentral møteplass i Uskedalen.

Uskedalen.no har i 2018 publisert 1158 saker. Dette er ein nedgang frå året før. Snitt besøkstal pr. døger er rundt 1000 visningar. 11. mars 2018 var heile 1786 lesarar inne på sida, av desse var 1035 unike. Det er registrert heile 18 604 klikk på andre sider. Det er alt som ligg i venstre kolonne som lag/organisasjonar, tilbod i Uskedalen, Uskedalsposten, bilete, turstiar, og historisk stoff.

Rekneskap, budsjett og handlingsplan vert skrive om i eige innlegg. Det same gjeld innlegg om profilering, tema på årsmøte med innslag av Anja Strüter og Marit Hjørnevig.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal